

Sogndal kommune
v/ ordføreren

19.3.2021

SØKNAD OM STØNAD TIL DRIFT 2021

Kirkens SOS Bjørgvin er eit døgnope, sjølv mordsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Vestland fylke. Med 120 frivillige og 4,7 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader.

Kirkens SOS står for halvparten av all krisetelefonti i Norge, og er også store på SOS-meldingar og chat via internett. Senteret i Bjørgvin er eitt av 11 lokale senter, og er sjølv ansvarleg for finansiering og drift.

- Kirkens SOS Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Vestland, og vi veit at tenesta reddar liv. Vi er og eit viktig supplement til behandlingsapparatet, og gjev livsmot og håp til mange menneske som er einsame og sjuke.
- I 2020 svarte Bjørgvin på rundt 70 samtaler kvart døgn, og dette er 16 % av besvarte henvendinger ved Kirkens SOS Norge.
- 2020 var eit unntaksår for Kirkens SOS. Koronapandemien førte til umiddelbar stenging av vaktrom og omlegging til kvalitetssikra heimekontor for både frivillige og stab. Vi klarte snuoperasjonen på eitt døgn, og heldt oppe tenesta med like god svarprosent som vanleg. Rekruttering og opplæring måtte også skje digitalt, og dette var både kostnads- og arbeidskrevjande.
- I 2021 har vi medarbeidarar dels på vaktrom og dels på kvalitetssikra heimekontor, noko som gjere tenesta rusta til akutte nedstengningar når dette er nødvendig. Med mykje isolasjon og einsemd er tenesta viktigare enn nokon gong.

Kirkens SOS i Bjørgvin har ingen eigarar som sørgjer for nødvendige driftsmiddel, og er såleis heilt avhengig av lokale bidrag frå kommunar, kyrkjelydar, bedrifter og andre, i tillegg til statleg støtte.

Vi søker derfor kommunen om ein driftsstønad for 2021 på kr 1,- til 3,- pr innbyggjar.

Med helsing



Greta Gramstad
Dagleg leiar

Karl Dag Bærug
Nestleiar

Vedlegg: Årsmelding 2020. Lokal årsmelding på s. 38 og 39, med oversikt rekneskap 2020.
Revidert rekneskap kjem ultimo mars